



Austevoll kommune

Vestland fylkeskommune v/Skyss
Postboks 7900
5020 BERGEN

Vår ref.	Arkivkode	Dykkar ref.	Dato
15/1192-20/19671JpID/MST	15/1192		30.10.2020

Innspel til ruteendringar i Hufthamar-Krokeide og Husavik-Sandvikvåg

Eg viser til brevet dykkar av 29. september i år der de ber om innspel til ruteendringar for ferjesambanda til og frå Austevoll kommune.

Austevoll formannskap drøfta saka i møte 21. oktober. Formannskapet har vurdert ruteproduksjonen, behovet som innbyggjarar og bedriftene våre har, og samstundes lagt vekt på å fremje tiltak som vil vere mogleg å gjennomføre for Vestland fylkeskommune.

Formannskapet ber Vestland fylkeskommune utvide opningstidene i ferjesambanda til og frå Austevoll og gjennomføre følgjande:

1. Det må etablerast éin ny rundtur på natt i sambandet mellom Hufthamar og Krokeide på kvardagar, med avgang frå Hufthamar om lag kl. 01.00 med påfølgjande retur frå Krokeide.
2. Det må etablerast éin ny rundtur på kveldstid i sambandet mellom Husavik og Sandvikvåg alle dagar.

Uttale frå Austevoll kraftlag i to dokument er lagt ved denne fråsegna.

Formannskapet viser til følgjande:

Om Hufthamar-Krokeide:

Hufthamar-Krokeide er det klart største ferjesambandet med ei trafikkmengd i 2019 på 436.322 PBE. Passasjeretalet var 582.861. Opningstida er 16 timar og 40 minutt på kvardagar. Første avgang frå Hufthamar er kl. 05.55 og kl. 06.40 frå Krokeide. Siste avgang er kl. 22.35 frå Hufthamar og kl. 23.30 frå Krokeide. Talet på rundturar på kvardagar er 21.

På laurdagar seiler berre ferje I, og det er dermed 12 rundturar på laurdagar. I perioden 31. november til 31. mars seiler også berre ferje I, og talet på rundturar er 11. I perioden 1. april til 31. oktober er også ferje II i drift på sundagar, slik at talet på rundturar er 16.

Det er eit stort behov for minst éin ny rundtur etter siste avgang. Dette gjeld særleg på kvardagar. Det skuldast næringslivets behov for å frakte fisk ut av kommunen, som skal nå marknadane. Det er også viktig for samfunnet elles at det er mogleg å kome seg frå Austevoll seinare enn kl. 22.35 og til Austevoll

seinare enn 23.20. Ein ny rundtur vil ha stor samfunnsmessig betydning og auka transport av vogntog med fisk vil medføre auka billettinntekter, og det vil vere eit handgripeleg og verknadsfullt tiltak for å betre vilkåra for næringslivet i landets fremste næringslivskommune.

Om Husavik-Sandvikvåg:

Husavik-Sandvikvåg har ei trafikkmengd på 91.404 PBE i 2019, og talet på passasjerar var 114.774.

Det er 13 rundturar i sambandet på kvardagar, med første avgang frå Husavik kl. 05.50 og kl. 06.15 frå Sandvikvåg. Siste avgang frå Husavik er kl. 20.25 og kl. 20.50 frå Sandvikvåg. Opningstida er 14 timar og 35 minutt.

Talet på rundturar laurdagar er 9, og første avgang er kl. 08.00 frå Husavik og kl. 08.30 frå Sandvikvåg. Siste avgang er kl. 19.15 frå Husavik og kl. 19.55 frå Sandvikvåg. Opningstida er 11 timar og 15 minutt frå Husavik og 11 timar og 25 minutt frå Sandvikvåg. På sundagar er første avgang først kl. 09.00 frå Husavik og kl. 09.30 frå Sandvikvåg, og siste avgang er kl. 20.25 frå Husavik og kl. 20.55 frå Sandvikvåg. Opningstida er 11 timar og 25 minutt.

Det er viktig å auke opningstida i dette sambandet. I helgene er det ønskeleg med tidlegare oppstart i sambandet. Formannskapet har likevel kome til at det ønskjer å tydeleggjere det som er det aller viktigaste, nemleg å utvide opningstida på kveldstid. Dette gjeld alle dagar. Det er behov for at siste rundtur går minst éin time seinare enn i dag. Her blir det også vist til eit samband på same storleik, Langevåg-Buavåg – der det er døgnoen alternativ tilkomst over Trekantsambandet – har siste avgang kl. 22.00 frå Langevåg og kl. 22.30 frå Buavåg.

Når det gjeld Husavik-Sandvikvåg så meiner formannskapet at dersom fylkeskommunen i første omgang ikkje er i stand til å auke ruteproduksjonen i sambandet, så kan ein utsette dagens siste avgangar for slik å auke opningstida.

Det blir også sterk oppmoda om at Skyss justerer korresponderande bussruter til ferjerutene. Me mottar stadige meldingar om at passasjerar med buss til Krokeide, på grunn av forseinkingar, ikkje rekk ferja. Dette gjeld særleg bussruter som er nytta av elevar i den vidaregåande skulen, som pendlar mellom fylkeskommunale skular i Bergen og heimen i Austevoll. Det er særleg viktig at elevar som går på vidaregåande skule ikkje får ein unødvendig lang skuleveg, men at dei ulike fylkeskommunale kollektivtilboda korresponderer.

På førehand takk.

Med helsing



Morten Storebø
Ordfører

Dette dokumentet er elektronisk godkjent.